



Mittegetlokalene Vestland AS
Sandviksbodene 5
5035 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/918 - 22/35315

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
06.05.2022

Løyve til seksjonering - GBNR 212/150 Eikanger øvre

Administrativt vedtak: Saknr: 509/22

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 48 eigarseksjonar for gnr 212. bnr 150- Eikangervåg Sameie, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-48 er næringsseksjonar der seksjonane har sameigebrøkar på 71, 142 og 144/4272.

Seksjoneringa omfattar 3 like bygg med 16 seksjonar i kvar. Kvar bygg har 2 seksjonar med 142/4272, 2 seksjonar med 144/4272 og 12 seksjonar med 71/4272.

Bygg A har S1-16, Bygg B har S17-32 og bygg C har S 33-48. Det er eit lite teknisk rom i enden av kvart bygg, som er felles for alle seksjonane i bygget.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med deleveggar mellom kvar seksjon.

Allt uteareal på eigdommen er fellesareal for begge seksjonseigarane.

Seksjoneringa av eigdommen gbnr 212/150 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigdommen gbnr 212/150 med adressene Torvhusmyrane 33A, 33B og 33C.

På eigedommen er det gitt løyve til oppføring av 3 like lagerbygg for utleige, det siste, bygg C fekk byggeløyve 04.05.22.

Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsplan dat 29.11.21 som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av bygga og dei enkelte seksjonane.
- Planteikningar (3 vedlegg) av lagerbygga over 1. plan.
- Vedtekter for « Eikanger sameie» gnr. 212. bnr 150, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er sendt inn av Petter M. Schøyen i BORI BBL og er signert av styret i fellekskap, i tråd med Firmaattest for eigar Mittegetlokale Vestland AS. (Jørgen Ittelin-Brynildsen, Tommy Hjalmar Gulbrandsøy, Stein Arne Aadland.)

Søknaden var sendt inn digitalt 27.01.22 og vart så sendt inn i originaler med følgebrev dat. 25.01.2022. Søknaden er supplert med signaturer frå resten av styret 12.04.22 og 19.04.22.

Søknaden måtte avventa byggeløyve til det siste av dei 3 lagerbygga (bygg C) som er omfatta av denne seksjoneringa. Slikt løyve vart gjeve 04.05.22.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 4.1.2,3 er gebyret for 48 seksjonar kr 40.268,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/918»

